

Frode Langenes
Langeneset 94
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3423 - 18/33753

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
08.11.2018

Landbruksak GBNR 60/1 Langenes - Svar på søknad om SMIL-midlar

Søknaden:

Me synar til søknad om gjerding og rydding på Gbnr 60/3. Arealet er nyleg kjøpt som tilleggsjord og har ikkje vore i drift på lang tid. Planen er å gjerde og rydde området. Arealet vil verta ein viktig del av areala på garden. Totalt skal det ryddast 65daa og settast opp gjerde på ca 1000 meter.

Søknaden er handsama i tråd med Lindås kommune sin "Tiltaksstrategi for bruk av SMIL - midlar for perioden 2016 - 2019".

Vurdering naturmangfaldslova:

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedtak:

Lindås Kommune v/Landbrukskontoret løyver kr 31 800,- til gjerding av 1060 meter og 56 390,- til rydding av 40daa. Totalt kr 88 190,-.

Løyvinga vert gjeve på fylgjande vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- **Arbeidsfrist er 08.11.2021**
- Det kan søkjast om utsettning av arbeidsfrist i inntil to år utifra skriftleg grunngjeving, seinast 1 månad før oppsett frist går ut.
- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd.
- Søkjar har forplikta seg i høve til pkt. 7 i søknadsskjema ved underskift si.
- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løying.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot og utsettjing av arbeidsfrist:



- Tilskott vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løvvinga.
 - Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskott når tilsvarende mengd av arbeidet er gjort. Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskapen er godkjend av kommunen.
 - I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, kopi av eventuelle bilag og evt. foto
 - **Til utbetaling vil kontonr: 3632.55.32291 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endringar.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
 - Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
 - Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
 - Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i så fall verta varsla på førehand.
 - Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbruksjef

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Smil Søknad Frode Langenes

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

Mottakarar:

Frode Langenes

Langeneset 94

5912

SEIM